


## SEGLING



Slik kan ein òg "segla" ein oselvar til lands når vinden er ugrei nok.

Her er to av konkurransebåtane på tur til start.

# Seglas i vekslande vind

Det vart inga stor mønstring då Kystsogevkene i Os starta med kappseglas med oselvar på laurdag. Det er tydeleg eit stykke att før folk med oselvar har lært seg den vanskelege kunsten å segla båten.

Anne-Margrethe  
 Matre Hjemdal  
 ammh@osogfusa.no

Frå Tysnes kom *Kjell Magnus Økland* med «Ola Dilt». Han er nærast stamgjest når det føregår segling frå Oselvarnaustet, og var den einaste som stilte i bermudaseglklassen. Men nokon sinke er ikkje «Ola Dilt». Båten er nydeleg og full av finessar som skal hjelpa til med å halda han på rett kjø. Han fyk over bølgiene og kunne rett vera ein Poseidon verdig.

«Ola Dilt» vann sjølv sagt sin klasse.

Audun Nordhus kom

roande frå Fusa for å sjå på seglasen. To timar og 20 minuttar i motvind og motstraum brukte tospannet frå Vinnes. Men Nordhus har vore i hardare vér. På rotur til Shetland gjekk det gale og han vart offer for straum og vind i dagesvis før han vart funnen.

### Tre priseglarar

Tre båtar stilte i priseglassklassen. I realiteten var det berre her det vart konkurranse. *Leif Hetleflåt*, *Hallgeir Bjørnevik* og *Svein Økland* stilte i denne klassen med båtane «Jeppe», «Seira» og «Oda».

Sigieren gjekk ikkje uventa til *Leif Hetleflåt*. I bruksbåtklassen stilte *Iain Parker*.

– Min båt er verkeleg bruksbåt. Eg har mellom anna frakta terrassen min på han, sa føraren før han gjekk om bord. Han segla åleine, og kom seg til liks med dei andre vel gjennom den trekanta banen.

Os seilforening hjelpte Kystsogevkene og Os kommune med avviklinga, m.a. gjennom speakerkertenesta, der vi både fekk nye oppatt maritime uttrykk og læra nye. «Å segla romt», «å jibba» «å vera lugjerring» «å segla for styrbord eller babord halsar» var nokre av dei. Oversett til normalspråk betyr det om vi ikkje totalt har misforstått den gode speakaren: å ikkje segla opp mot vinden, å snu når du får vinden frå motsett

side, å bruka så lite ror som mogeleg fordi det «strekar» på farten, og å få vinden inn frå venstre eller høgre, alt etter som.

Elles koste folk seg med kaffi og nogo attåt i nauset, og til tider var det temmeleg fullt innadørs.

### Resultat

1. seglas: (Nr., båtnamn, skipper, korr.tid)

#### Klasse A:

1. Ola Dilt, Kjell Magnus Økland, 30,22.

#### Klasse B:

1. Seira, Svein Økland, 27,57; 2. Jeppe, Leif Hetleflåt, 28,22; 3. Oda, Halgeir Bjørnevik, 35,50.

#### Klasse C:

1. Ida Marie.

### Resultat 2. seglas:

#### Klasse A:

1. Ola Dilt, Kjell Magnus Økland, 26, 51.

#### Klasse B:

1. Jeppe, Leif Hetleflåt, 28,11; 2. Seira, Svein Økland, 29,28; 3. Oda, Hal-

geir Bjørnevik, 33,24.

#### Klasse C:

1. Ida Marie.

### Samanlagt:

#### Klasse A:


1. Ola Dilt, Kjell Magnus Økland.

#### Klasse B:

1. Jeppe, Leif Hetleflåt; 2. Seira, Svein Økland; 3. Oda, Halgeir Bjørnevik.

#### Klasse C:

1. Ida Marie.



Berre fem båtar stilte til start.